

Arbeidsplan for Rogaland SV 2026

Arbeidsplanen gjeld for heile Rogaland SV. Både lokallaga og fylkesstyret har ansvar for gjennomføring av planen.

Arbeidsplanen skisserer først nokre langsiktige mål for dei fire åra me no er inne i. Resten av planen er ei konkretisering av mål og tiltak i 2026.

Arbeidet for å førebu oss til eit best mogleg lokalval i 2027 skal gå hand i hand med å styrka lokallaga, få fleire aktive medlemmer og ei større breidde blant medlemmene og samtidig driva politikktutvikling. Grunntanken i alt politisk arbeid skal vera å skapa oppslutning om venstresida sine idear, og samtidig bygga dei politiske løysingane våre på "rogalandsk grunn": tilpassa dei utfordringane folk møter i kvardagen og i lokalsamfunna her i Rogaland.

Arbeidet i 2026 har slik eit langsiktig mål: Å trygga og styrka SVs posisjonar både politisk og organisatorisk, slik at me rustar oss til å møta dei store utfordringane i vår tid: Ulikheitskrisa, miljøkrisa og demokratikrisa.

Overordna mål for Rogaland SV 2025-2029:

- SV skal vera eit folkeparti, med høg oppslutning i heile fylket.
- SV skal vera ein naturleg alliert for alle som engasjerer seg for sosial rettferd, miljø og folkestyre i lokalsamfunna sine.
- SV skal ha eit tett samarbeid med fagrørsla og interesseorganisasjonar, og ha mange faglege tillitsvalde som aktive medlemmer i partiet.
- Me skal ha lokallag i 20 av dei 23 kommunane i fylket, og eit studentlag ved UiS.
- Rogaland SV skal ha minst 1400 medlemmer i 2029.
- Me skal ha framgang ved lokalvalet i 2027 og stortingsvalet 2029.
- SV skal stilla lister i minst 18 kommunar i 2027, og ha folkevalde i desse kommunane etter valet.

Del 1. Politisk strategi

SVs rolle som raudgrønt forandringsparti skal brukast til både å oppnå konkrete forbetringar i folk sin kvardag, og samtidig utfordra marknadsmakta med systemendringar. Me vil vera i dialog med og lytta til innbyggjarar og organisasjonar i fylket, slik at me både forstår meir og kan få meir gjennomslag. Me skal vera tett på lokalsamfunna og samtidig sjå dei store samanhengane.

Mål for 2026

- Vidareutvikla SVs politikk og få høgare truverd blant folk i fylket på omstillinga til ein grøn og rettferdig økonomi.
- Ha sterkare band til organisasjonar og miljø som står oss nær, med særleg vekt på fagrørsla og miljørørsla.
- Styrka tillitsvalde og medlemmer sin kjennskap til og forståing av SV sin ideologi og aktuelle politiske tema.

Tiltak i 2026

- Oppfordra medlemmer til å fremma forslag og vera aktivt med i prosessane om nye program til lokalvalet i 2027.
- Vera tydeleg til stades i folkelege mobiliseringar og engasjement i lokalsamfunn over heile fylket.
- Styrka og vidareutvikla samarbeidet med fagrørsla, miljørørsla, Nei til EU, fredsrørsla og andre organisasjonar som står oss nær. Laga samarbeidsavtalar og/eller delta på kvarandre sine møte.
- Bruka kvinnedagen 8. mars, arbeidardagen 1. mai, verdas miljødag 5. juni, dagen for atomvåpenforbod 26. september, dagen for avskaffing av vald mot kvinner 25. november, dagen for personar med nedsett funksjonsevne 3. desember og andre viktige merkedagar til å markera SVs politikk på dei aktuelle områda.
- Bruka tradisjonelle medium og sosiale medium målretta for å nå ut til medlemmer og potensielle veljarar. Heva kvaliteten på det som blir lagt ut på sosiale medium, med større del eigenproduserte saker med eit tydeleg politisk budskap.
- Ha gode politiske diskusjonar på representantskapsmøta og gjera fleire politiske vedtak der.
- Gjennomføra møte i lokallaga med fokus på ideologi, aktuelle politiske tema og praktiske øvingar.

Del 2. Organisatorisk strategi

Rogaland SV skal stå sterkare ved utgangen av året enn ved starten. Fylkesstyret og representantskapet skal i løpet av året konkretisera og følga opp måla og tiltaka i denne planen. Strategien har som grunnprinsipp at alt arbeid er lokalt og må vera lokalt tilpassa, og skal legga til rette for at medlemmer og lokallag kan utveksla idear og erfaringar med kvarandre.

Det er stadig viktigare å ha tette band til lokalsamfunnet. Det er avgjerande for at me skal byggja tillit over tid, og for å forstå verkelegheita der folk lever. Dette er særskild viktig fordi dei fleste av oss lever i ei algoritimestyrt verkelegheit prega av folk som er relativt like oss sjølv i både meiningar, bakgrunn og politiske oppfatningar. Dette gjer at me er nøydd til å styrka alle former for direkte innbyggarkontakt. Både i kraft av eigne kanalar i sosiale medium og ikkje minst i fleire og meir systematiske fysiske møte. Det er naudsynt både med tanke på framtidige valkampar, men og for at me i større grad skal vera ein organisasjon som bygger motmakt, mobiliserer folk og vinn saker det i utgangspunktet ikkje er fleirtal for.

Fylkesstyret skal gjennomføra eit eige styreprogram, og gjennomføra kurs for tillitsvalde i lokallaga. Dei skal vera praktiske og sørga for erfaringsutveksling og øving i det me skal bli gode på. Kursa er ei vidareføring av innhaldet frå e-læringskursa. Fylkeslaget skal og bidra til skulering av kandidatar og aktivistar til val i 2027 og 2029.

Mål for 2026

- 1150 medlemmer ved årsslutt, det vil seia ein netto vekst på 84 medlemmer.
- Verva minst 115 nye medlemmer i løpet av året.
- Sterkare lokallag, som er synlege politiske aktørar i lokalsamfunna, og med godt fungerande styre.
- Lokallag i 18 kommunar og eit studentlag ved UiS.
- Fleire aktive medlemmer som kjenner og er stolte ambassadørar for SV i lokalsamfunna sine, og som veit korleis dei kan engasjera seg i partiet.

- Større mangfold i bakgrunn blant medlemmene, for eksempel med minoritetsbakgrunn og nedsett funksjonsevne. Fleire fagleg tillitsvalde og fleire studentar som medlemmer.
- Sterkare kontakt med innbyggjarane, mellom anna gjennom dørbanking.
- Sterkare kontakt mellom fylkesstyret og lokallaga, mellom lokallaga og mellom dei folkevalde i kommunar og på fylkestinget.
- Sterkare økonomi i fylkeslaget.
- Gjennomføra ein arbeidsprogramprosess.
- Gjennomføra nominasjon til kommune- og fylkestingsvalet.
- Ein god partikultur, med låge skuldrer og rom for ueinigheit.

Tiltak i 2026

- Bruka alle representantskapsmøta til å diskutera og planlegga organisasjonsbygginga.
- Driva vervarbeid gjennom heile året.
- Laga ein kort video retta mot dei som vurderer å bli medlem.
- Ringa alle nye medlemmer og ønska dei velkomen til SV. Lokallaga har hovudansvaret for medlemsoppfølginga, med støtte frå fylkeslaget.
- Ringa alle medlemmer som ikkje har betalt kontingenten i oktober/november.
- Arrangera ein lokallagskonferanse for styremedlemmer i lokallaga i løpet av våren.
- Tilby eit dialogmøte mellom kvart lokallagsstyre og fylkesstyret.
- Starta to nye lokallag: Eitt kommunelag og eit studentlag ved UiS.
- Tilby medlemmene politisk og organisatorisk skulering i lokallaga, med støtte frå fylkeslaget.
- Støtta medlemmer til å delta på konferansar i SV-regi nasjonalt.
- Laga ein kort introduksjons-video som blir sendt til alle nye medlemmer. Videoen skal formidla grunnleggande SV-verdiar og fortelja litt om SV som organisasjon.
- Støtta lokallaga i deira kontakt med medlemmene og hjelpa med mobiliseringsringing.
- Jobba systematisk med å inkludera (nye) medlemmer og gjera terskelen for å engasjera seg i SV lågare. I dette arbeidet må me mellom anna sjå kritisk på eigen kultur og språkbruk som kan halda potensielle (aktive) medlemmer på avstand.
- Ha ein eigen vervekampanje retta mot fagleg tillitsvalde.
- Ha ein dørbankansvarleg for fylket, med ansvar for å følgja opp lokallagas arbeid for å nå dei lokale måla i dørbankplanen.
- Ha lokallagskontaktar i fylkesstyret som har ansvar for jamleg kontakt med lokallaga.
- Fylkesstyret deltar på årsmøta til lokallaga som ynskjer besøk.
- Arrangera ei folkevaldsamling for alle folkevalde i september.
- Legga til rette for meir samarbeid mellom folkevalde på lokalt, fylkesnivå og nasjonalt.
- Få fleire medlemmer til å bli faste givarar til Rogaland SV.
- Samarbeida med SU.
- Gjennomføra ein god arbeidsprogramprosess fram mot fylkestingsvalet.
- Gjennomføra ein ryddig og inkluderande nominasjonsprosess til fylkestingsvalet.
- Utarbeida retningslinjer som sikrar ein ryddig og open prosess for arbeid i val- og nominasjonskomitear.
- Arrangera nominasjonsmøte i kombinasjon med haustkonferanse.
- Utarbeida og gjennomføra ein plan for listestilling i samband med kommune- og fylkestingsvalet 2027 i samarbeid med partikontoret.
- Arbeida aktivt og systematisk for å ha unge kandidatar under 30 år og folk med bakgrunn frå fagrørsla høgt på fylkestingslista.

Vedlegg 1:

Arrangementsoversikt 2026/27

14. mars: Representantskapsmøte (landsstyremøte laurdag og søndag 21. -22. mars)

25. mars: Digitalt møte mellom lokale folkevalde og regionsteam

25.-26. april: Lokallagskonferanse.

30. mai: Representantskapsmøte (landsstyremøte fredag og laurdag 5. -6. juni)

12. september: Representantskapsmøte (landsstyremøte laurdag og søndag 19. - 20. september)

25. -26. september: Folkevaldsamling.

24. - 25. oktober: Haustkonferanse og nominasjonsmøte.

14. november: Representantskapsmøte (landsstyremøte fredag og laurdag 20. - 21. november)

9. januar: Representantskapsmøte (landsstyremøte laurdag og søndag 16. -17. januar)

6. -7. februar: Fylkesårsmøte.

Vedlegg 2:

Korleis få 115 nye medlemmer i Rogaland SV i 2026?

Lokallag	Medlemmer 31.12.25	Prosentvis del	Mål for 2026
Eigersund	37	3%	4
Gjesdal	32	3%	3
Haugesund	106	10%	12
Hjelmeland	12	1%	1
Hå	27	3%	3
Karmøy	52	5%	6
Klepp	24	2%	2
Randaberg	15	1%	1
Sandnes	151	14%	16
Sauda	33	3%	4
Sokndal	6	1%	1
Sola	32	3%	3
Stavanger	343	32%	37
Strand	27	3%	3
Suldal	37	3%	4
Time	82	8%	9
Tysvær	27	3%	3
Vindafjord	22	2%	2
Rogaland	1	0%	0
Fylket	1066	100%	114

Pga. avrundingar blir summen 114 i staden for 115